

Fastemann

Til Hans P. Aakre (Eirik-Hans) si gravferd i 1944

Det er med vemod og saknad stor
me stend her i dag kring di kiste.
Dei vert so fatige og få våre ord
til å gi deg vår takk, den siste.

Det er so meiningslaust vondt å forstå
at no du for alltid er faren,
at me aldri meir skal deg høyra og sjå
når me kjem hit til Eirikgarden.

Eg tykkjer eg høyrer på rappe fot,
du kjem oss i møte på tunet,
med din friske pust av ditt djerve mot
og det aldri skiftande lune.

Me kjende oss alltid velkomne her
og me kom hit nett når me vilde,
og difor vart du oss alle so kjær
alt frå barneåra, dei gilde.

Eg trur visst aldri at vondord vart skrive
i din heim, millom deg og dine.
I trivnad og semje de saman hev live
her fredssola stødt fekk skine.

I sorg som i gleda du alltid var
den sterke, solide, støde
Og difor var det so lett du bar
dagar med motgang og møde.

På sottesenga so fredleg du låg
siste resten av levetida.
Du klaga aldri om enn me såg
at ofte du vondt laut lida.

I den levande, grøne granbarkrans
som me hev fest kring di kiste,
skal fortida leva i minneglans
som varer heilt til det siste.

Tekst: Johan Bernt Ulla